

SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 13.4.21

Stad: Fjordsneteret

Sak 15/21. Høyring: Miljø-, transport- og anleggsplan for ny 420 kv-line Aurland – Sogndal

Saksopplysning/vurdering

NVE har på heimesida si lagt ut til open høyring Statnett sin miljø-, transport- og anleggsplan for bygginga av den nye 420 kV-lina Aurland-Sogndal. Høyringsfristen er 26. april. Fjellstyret har ikkje motteke planen til høyring – det var kommunen sin sakshandsamar som tipsa fjellstyret om saka. Denne planen syner konkret kor i terrenget dei ulike inngrepa er planlagde, slik som vegar, terrengspor, massetak, vinsjepunkt, flygetrasear, og sjølvsagt sjølve linjetrasèen med dei enskilde mastefesta.

Framdriftsplanen for prosjektet vert skissert i planen; Oppstart i 2021, ny kraftline ferdig i 2024. Riving av gammal line åra 2024-26. Nedanfor følgjer nokre utdrag frå planen, med punkt som eg meiner vedkjem dei interessene som fjellstyret skal vareta.

s. 7, Konsesjonsvilkår, villrein:

Beskrive og drøfte hvordan hensynet til villreinen i området skal gjennomføres for å minimere virkninger, og hensynssoner der helikopterflyging ikke skal forekomme skal beskrives. Dersom det blir reintroduksjon av villrein i anleggsperioden, vil Statnett vurdere tiltak i samarbeid med villreinforvaltningen.

s. 7, Konsesjonsvilkår kulturminne:

Konsesjonæren skal avklare undersøkelsesplikten etter kulturminneloven § 9 før miljø-, transport- og anleggsplanen blir godkjent.

Vestland fylkeskommune har gjennomført registrering av kulturminner i 2019 og 2020. Behov for frigivelse vil bli avklart med fylkeskommunen.

s. 8, Konsesjonsvilkår Bleia-Storebotnen landskapsvernområde:

Beskrive og drøfte hvordan anleggsarbeidet innenfor Bleia-Storebotn landskapsvernområde skal gjennomføres for å gi minst mulig virkninger på terrenget. Helikopterbaserete byggearbeider. Statnetts terrenghåndbok er en del av vilkårene i kontrakt med entreprenører.

s. 23, Kulturminne:

Der anleggsaktivitetene kan komme i konflikt med registrerte kulturminner vil disse bli merket i terrenget. Kulturminner er også merket av i MTA-kartene. Vedlegg 4 lister kulturminner i terrenget som skal hensyntas i anleggsperioden.

s. 22, Verneområde:

Det vil kun bli tillatt med beltegående gravemaskin til fundamentarbeid. På store deler av strekningen er det kjørespore fra tidligere aktivitet fra mange år tilbake. Belting vil bli lokalisert til disse kjøresporene, og derfra ut til det enkelte mastepunkt.

SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 13.4.21

Stad: Fjordsneteret

Sak 15/21, side 2:

Kart med alle inngrep innteikna ligg ved planen. Eg oppfattar at føremålet med planen er å gjera konfliktane mellom tiltaket og natur- og kulturminneomsyn så små som råd. Det går t.d. fram av teksten at i verneområda, som Bleia – Storebotn landskapsvernområde som fullt ut ligg i statsallmenning i Aurland og Lærdal, skal bruken av terrengkøyretøy vera så liten som mogleg – helikopter skal nyttast til bygginga av mastene. Berre i samband med støyping av mastefundamenta og utgraving for desse skal det nyttast beltegåande køyretøy (gravemaskin). Eg finn ikkje noko tilsvarende målsetjing når det gjeld strekninga som ligg utanfor verneområde. Under tidlegare synfaringar og møte har me fått inntrykket av at den same praksisen skal gjelda generelt for heile prosjektet. Dette burde ha kome betre fram i planen, sidan dette heilt klårt vil minska skadeverknadene i terrenget. Dette gjeld likeeins den daglege transporten av arbeidsfolk – lufttransport vil vera meir skånsamt enn beltekøyretøy, sjølv om dette i anleggsperioden vil innebera ekstremt mykje helikoptertrafikk i området, med dei ulempene dette vil føra med seg for friluftsliv, dyreliv, jakt og beitebruk. Dette vert ei avveging mellom omsynet til å få minst mogleg varige køyrespor i terrenget og mykje uro og støy i ein avgrensa periode.

Når det gjeld omsyn til villrein, er det nemt i planen at Statnett, dersom reinsstamma er retablert i sone 1 før prosjektet er fullført, skal rådføra seg med villreinforvaltinga om korleis det kan takast omsyn til rein under utføringa av arbeidet. Ein må rekna med at villreinen er på plass att i Nordfjella før anleggsperioden vert avslutta i 2026. Det vil først og fremst vera arbeidet med riving av den gamle linja som vil føregå dei siste 2-3 åra. Med eit visst tal GPS-merkte dyr i flokken vil det då vera mogleg å ta omsyn til reinsdyra under anleggsarbeidet.

Det står ikkje noko i planen om korleis ein kan ta omsyn til friluftsliv, jakt og fiske, så dette er kanskje ikkje vanleg å ta med i denne typen planar? Etter mi mening burde desse interessene ha vore med. Omfattande anleggstrafikk med mykje helikopterflyging tidleg i jaktperioden for hjort og elg (frå 1. september) vil vera særskilt uheldig for jaktutøvinga.

Omsynet til kulturminne er nemnt fleire stader i planen. Det går fram av teksten at det er gjort registreringar i området. Inntrykket er at det verkar litt tilfeldig kva som er registrert. Det er t.d. ikkje teke kontakt med grunneigarar eller lokalt fjelloppsyn i forkant, for å få litt betre grunnlag for å gå ut og registrera. Fjelloppsynet til fjellstyret har i alle år, meir eller mindre systematisk, kartfesta fangstminne som dyregraver, bogastillingar og hellerar som ein har kome over. Etter at GPS vart lansert, er ein del av det som først berre var avkryssa på kart

SAKSUTGREIING

Aurland fjellstyre

Møtedato: 13.4.21

Stad: Fjordsneteret

Sak 15/21, side 3:


vorte koordinatfesta. Det vil vera synd (og truleg ulovleg) dersom det nye anlegget skulle koma til å øydeleggja fleire slike fangstminne enn dei som gjekk tapt under bygginga av 300kV-lina på 1970-talet, då særlig ved oppkøyringa av spor for gravemaskin o.l.

Framlegg til uttale:

Fjellstyret ser det som positivt at Statnett legg fram ein miljø-, transport og anleggsplan for arbeidet med bygging av 420kV-lina Aurland – Sogndal og rivinga av den gamle 300 kV-lina. Planen verkar godt gjennomarbeidd på mange område, men har nokre manglar:

- Omsynet til friluftliv, beiteinteresser, jakt og fiske er ikkje nemnt nokon stad – dette burde ha vore med. Omfattande anleggstrafikk og helikopterflyging tidleg i jaktperioden for hjort og elg (frå 1. september) vil vera særskilt uheldig.
- For verneområdet Bleia-Storebotnen er det særskilt nemnt at bruken av terrenkgøyretøy skal vera så liten som mogleg – helikopter skal i stor grad nyttast under bygginga av mastene. Dette bør vera eit hovudprinsipp for heile linjeprosjektet, for å minimera opparbeidinga av varige køyrespor og sår i landskapet. Fjellstyret meiner at det bør takast inn i planen.
- Villrein er tema i planen. Det er rett at villreinstamma for tida er vekke frå Nordfjella sone 1, men målsetjinga er at reetablering av stamma skal starta opp om nokre år, mykje truleg innanfor det som er berekna anleggsperiode for prosjektet. I perioden 2024-26, når den gamle kraftlinja skal takast ned, vil det mykje truleg vera rein i området att. Då er det viktig at målsetjinga i planen vert følgjt: «*Dersom det blir reintroduksjon av villrein i anleggsperioden, vil Statnett vurdere tiltak i samarbeid med villreinforvaltningen.*»
- Omsynet til kulturminne er nemnt fleire stader i planen. Det går fram av teksten at det er gjort registreringar i området. Inntrykket er at det verkar litt tilfeldig kva som er registrert. Det er t.d. ikkje teke kontakt med grunneigarar eller lokalt fjelloppsyn i forkant, for å få litt betre grunnlag for å gå ut og registrera. Fjelloppsynet til fjellstyret har i «alle år», meir eller mindre systematisk, kartfesta fangstminne som dyregraver, bogastillingar og hellerar som ein har kome over. Etter at GPS vart lansert, er ein del av det som først berre var avkryssa på kart vorte koordinatfesta. Det vil vera synd (og truleg ulovleg) dersom det nye anlegget skulle koma til å øydeleggja fleire slike fangstminne enn dei som gjekk tapt under bygginga av 300kV-lina på 1970-talet, då særlig ved oppkøyringa av spor for gravemaskin o.l. Kartskisse med nokre av dei dyregravene fjelloppsynet har registrert langs linjetrasèen, og som ikkje ligg inne som kulturminne på kartvedlegga til planen, vert lagde ved denne høyringsuttalen.

Konflikt med freda kulturminne (dyregrav) ved Erterhaugvatnet – Vinsjepllass B8B (raud sirkel)



Konflikt med freda kulturminne (dyregraver) ved Soleibakkvotni – Terrengspor R4 og R4A (raud sirkel)

